

DEI MANGE BILETA AV PÅSKA

Kva handlar eigentleg påska om? Kva er kjernen og budskapet i desse dramatiske hendingane? Kvifor måtte Jesus døy? Dette har vore nokre av dei store spørsmåla i kyrkja heilt frå påskedagane og opp gjennom historia. I denne teksten skal vi sjå på mangfaldet av bilete knytte til påska. På den måten kan vi utforske kva hendingane i påska kan ha å seie for oss som lever i dag.

I songane i «Stå opp» finn vi ulike bilete knytte til påska: Songen «Hvem skulle tro» handlar om frøet som blir lagt i jorda og strekkjer seg mot lyset. I «Stå opp for andre» og «Nattverdssangen Stå opp» er kroppen ein sentral metafor. I «Siste ord er ikke sagt» syng vi om ein som tek på seg den straffa vi skulle fått. I «Ut av det tomme» handlar det mellom anna om mørker som blir til lys. «Stå opp» har altså ikkje valt eitt bilete eller éi meining om kva oppstode er, men dreg vekslar på fleire. Dette mangfaldet av bilete er ikkje nytt, men henta rett frå Det nye testamentet. Då tekstane i Det nye testamentet blei skrivne nokre tiår etter Jesu død og oppstode, kom dei til å innehalde mange ulike bilete for å skildre det store mysteriet. Notto Thelle er mellom dei som på glimrande vis har peika på dette i boka *Gåten Jesus. Én fortelling – mange stemmer*, og denne teksten låner mange poeng derifrå. La oss sjå på noko av mangfaldet.

Det nye testamentet

Det mest slåande ved evangelia etter Matteus, Markus og Lukas er at dei seier lite om kva Jesu død og oppstode inneber. Dei fortel nøkternt om hendingane og ser ut til å overlate tolkinga til lesaren. Men noko finn vi. Hos Matteus og Markus seier Jesus at han skal gi livet sitt som «løysepeng» for mange (Matt 20,28 og Mark 10,45). Ordet blei brukt om frikjøp av slavar eller dødsdømde. Når Jesus døyr og står opp att, blir altså menneske sette fri. Kven som heldt menneska til fange, blir det ikkje sagt noko om her.

Går vi vidare til Johannesevangeliet, finn vi andre bilete. Dei er konkrete og henta frå kvardagen til menneske som levde av jorda og husdyra sine. Jesu død blir samanlikna med eit kveitehorn i jorda (Joh 12,24) og peikar såleis på at noko nytt voks fram frå krossen og grava. Andre bilete er gjetaren som set livet til for sauene sine (Joh 10,11), og han som gir livet sitt for vennene sine (Joh 15,13). Det er då nærliggjande å tenkje at Jesus døyr i ein kamp for å redde livet til andre. Jesus blir også omtalt som vegen til Faderen (Joh 14,6), og hendingane i påska kan såleis forståast som det som peikar ut eller skaper denne vegen.

Også i breva i Det nye testamentet finn vi ulike bilete som seier noko om Jesu død og oppstode. I Paulus' første brev til korintarane blir Jesu oppstode omtalt som ein siger over døden (1 Kor 15,57). Igjen ser vi kampmotivet, denne gongen med meir vekt på sigeren enn på sjølve kampen. I Hebrearbrevet blir Jesus skildra som det store og endelege offeret (Hebr 10,10). Brevet viser til tempelet i Jerusalem, der dyr blei ofra for folket sine synder, slik vi finn det skildra i mange tekstar i Det gamle testamentet. Jesu død blir sedd på som det endelege offeret som forsonar Gud og menneske for alltid. Her ofrar ikkje Jesus seg i ein kamp, men som eit motstandslaut lam for å sone andre sine synder.

Kyrkjarahistoria

I hundreåra etter at Det nye testamentet blei til, blei dei ulike tolkingane av Jesu død og oppstode systematiserte og utbroderte. Det blei utvikla tre hovudtolkingar, kjende som den klassiske, den objektive og den subjektive forsoningslæra. Også desse tolkingane kan vi finne att i songane i «Stå opp», og vi skal derfor ta eit kort blick på dei.

Den klassiske forsoningslæra framstiller Jesus død og oppstode som ein siger over død, synd og vonde makter, slik vi fann det i Korintarbrevet. Utgangspunktet er at menneska er bundne av desse

kosmiske maktene og ikkje sjølve kan kome fri. Jesus tek kampen på vegner av menneska og vinn han. Dette blir uttrykt i dei eldste krusifiksa vi kjenner, som er frå 400-talet. Her heng Jesus på krossen med utstrekke armar, som ein triumferande konge. Han har krone på hovudet, strak kropp og heva hovud med opne auge. Ansiktet utstråler siger. I austkyrkja er framstillinga av Jesus på krossen framleis prega av styrke og siger.

Den objektive forsoningslæra blei formulert av Anselm av Canterbury (1033–1109) og handlar om at nokon må bere straffa for det gale menneska har gjort mot Gud. Her blir altså motivet frå Hebrear brevet henta opp. I Det gamle testamentet blir dyr ofra som sonoffer for menneska sine synder. Som ei vidareføring av denne tanken blir Jesus eit offerlam på krossen. Straffa for alt det gale menneske har gjort, blir overført til han. Gud aksepterer offeret, og menneska går fri. Dette er uttrykt i krusifiks frå mellomalderen i vestkyrkja, der Jesus ofte blir framstilt som eit forvride og blodig offer.

Vi har sett at den klassiske forsoningslæra endrar kosmiske tilhøve, og at den objektive forsoningslæra endrar det forholdet Gud har til menneska. I den subjektive forsoningslæra er det derimot menneska sitt forhold til Gud som blir endra. Den grunnleggjande problemstillinga i denne læra er korleis menneske kan vite at Gud er god. Menneske kan jo danne seg alle slags førestillingar om korleis Gud er. Berre éin stad kan menneske få det endelege teiknet på Guds kjærleik: Då Jesus døyr på krossen. Når vi menneske ser at Jesus er villig til å gå i døden, kan vi tru at Gud elsker oss. Det gir grunnlag for å leve i tru og tillit til Gud.

Stå opp

Kvifor døydde Jesus på krossen? Det finst ikkje eitt svar, men eit mangfald av røyster, ord, tolkingar og bilete. Mangfaldet er ikkje ein trussel, men ein ressurs i møte med livet til ulike menneske. For den som blir trykt ned av dårleg samvit, kan det vere frigjerande å få høyre at Jesus har bore straffa ein gong for alle. For den som fryktar at Gud er sint, kan det vere godt å få høyre at Gud var villig til å døy på ein kross for å vise sin kjærleik. For den som opplever kvar dag som ein kamp, kan det vere styrkjande å vite at Jesus har vunne den store kampen og ein gong skal dele sigeren med oss. I «Stå opp» er særleg det sistnemnde motivet trekt fram. Vi har sett korleis born og unge kjempar for at dei sjølve og andre skal ha det godt, både heime i familien, på skuleplassen og i møte med all urett i verda. Vi vil gi ord og tonar til oppstode i kvardagen til born. Vi vil gi krefter og mot til å halde fram kampen. Jesus stod opp, Gud vil oppstode, og i dag deler vi det store kallet: Stå opp for andre!